# SELJORD KOMMUNE

| Deres ref: | Vår ref: | Sakshandsamar:<br>Finn-Arild Bystrøm | Arkivkode: | Dato: |
|---|---|---|---|---|

# Tittel

| Godkjent av (x) | Ordførar | x | Rådmann | X | Kommunelege | x |
|---|---|---|---|---|---|---|

**<u>Informasjon til alle med fritidsbustad eller campingvogn i Seljord kommune 15.03.2020</u>**

Vi oppmodar alle om å følge dei nasjonale påboda og oppmodinga frå statsministeren om å bli heime og ikkje reise på hytta. I Seljord har vi òg mange campingplassar. Det gjeld dei same påboda for dei som har ei campingvogn i Seljord kommune som dei med ei hytte eller annan form for fritidsbustad.

Seljord kommune viser til "Forskrift om karantene, isolasjon og forbud mot opphold på fritidseiendommer mv. i anledning utbrudd av Covid-19" vedteken i statsråd i dag 15.03.20 og nasjonale føringar for å avgrense reising og smittespreiing; «Helsedirektoratet ynskjer at innanlands transport skal gå mest mogleg som normalt, men me oppmodar sterkt alle til å unngå fritidsreiser.»

Vi viser òg til vedtak i Seljord kommune i dag om 14-dagar karantenepåbod for reisande frå Oslo, Agder, Rogaland, Viken, Innlandet, Vestland og Trøndelag. Vedtaket vil innebere at dei som kjem til fritidsbustaden sin i Seljord frå desse områda omgåande vert sett i heimekarantene.

Har du allereie reist til din fritidsbolig i Seljord kommune ber vi deg om å reise tilbake til heimkommunen din.

Vi oppmodar òg folk om å ikkje komme til Seljord for å besøke familie eller andre som bur i kommunen. Helse- og omsorgstenesta vår tek vare på dei som treng pleie- og omsorgstenester.

Alt skjer fort og vi klarar ikkje å halde alle oppdatert på alt til ein kvar tid. Alle blir oppmodar til å følgje med og oppdatera seg på utviklinga via:

- Folkehelseinstituttet, www.fhi.no
- Helse Noreg, www.helsenorge.no
- Sentrale mediehus i Noreg, for eksempel NRK

Vh

| | |
|---|---|
| Beate Marie Dahl Eide<br>Ordførar | Kine Jordbakke<br>Kommuneoverlege |


Vanar som førebyggjer **smitte**
Papirlommetørkle
framfor munn og nase skjermar andre når du hostar eller nys. Kast lommetørkleet etterpå. Vask så hendene.
Bruk olbogekroken
når du må hoste eller nyse og ikkje har papirlommetørkle for handa.
Vask hendene
ofte og grundig, særleg når du har vore ute blant folk.
Handdesinfeksjon
med middel som inneheld alkohol er eit godt alternativ når du ikkje får vaska hendene, til dømes på reise.
FHI
Folkehelseinstituttet
Helsedirektoratet